



FAU v/
Berit Marie Storheim

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2055 - 18/3742

Saksbehandlar:
Alexander Kjesæth
alexander.kjesaeth@radoy.kommune.no

Dato:
08.03.2018

Svar på innspel frå fau

- Hefte med informasjon om skulen er noko som vi har snakka om før, og vi vil sjå om vi kan få til eit slikt hefte. Veit ikkje om vi klarer å få alt klart ila våren, men vi vil starte arbeidet no.
- Når det gjeld prøver og framføringar er dette noko som vi har snakka om med lærarane. Lærarane gjer sitt beste for at det ikkje skal vere meir enn 1 prøve/framføring kvar dag og ikkje meir enn 2 (maks 3) prøver kvar veke. Dette er og noko som eg skal snakke med elevrådet om i neste veke. Eg skal ta dette opp igjen med alle lærarane og sjå til at vi lager ein prøveplan for kvar klasse.
- Når det gjeld framføringar/presentasjon for faglærar og ikkje heile klassen, så er det noko vi har gjort i mange år. Lærarane oppmoder elevane til å framføre for klassen/gruppa, men eleven kan gjere individuelle avtalar med faglærar om framføring ein til ein.
- Å lage ein plan for 6 mnd om gongen ser skulen på som vanskjeleg. Der er svært usikkert kor langt ein kjem i faga, og det kan vere vanskjeleg å fastsetje tidspunkt for prøver så tidleg. Det er svært ulikt frå klasse til klasse. Om det skulle vere slik at ein ikkje kan delta på ein prøve grunna sjukdom/legetime/tannlege osv. så får dei tilbod om å ta prøven ved neste høve.
- Når det gjeld vekeplanen så vil ein alltid oppmode om at den er informativ og «enkel». Det er viktig for elevane at den ikkje blir for stor og omfattande (innspel frå elevrådet).

Skulen vil takka for innspela og ser fram mot vidare samarbeid med FAU ved Radøy ungdomsskule.

Med helsing

Alexander Kjesæth
Rektor Radøy ungdomsskule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Berit Marie Storheim